



Bergen Group Skarveland skal levera røyrsystemet til denne båten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bergen Group Skarveland på Sunde har fått tildelt to nye kontraktar for levering av røyrsystem til 50 millionar kroner melder innsida.no. Kontraktane gjeld for dei to supplybåtane som Eidsvik Skipsbyggeri og Hellesøy Verft har fått til utrustning.**

Leveransen til Eidsvik skal vera fullført innan november i år medan den til Hellesøy skal vera klar oktober neste år.

- Vi er svært tilfredse med at kundane etterspør og veljer oss som samarbeidspartnar på slike avanserte røyrsystem, seier Sebjørn Madsen som er direktør for Bergen Group sin teknologidivisjon.

Bergen Group Skarveland har heile tida hatt ei solid ordrebok og har ikkje vore truga av permitteringar- No blir ordreboka karakterisert som rekordstor.